



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Norges vassdrags- og energidirektorat

Innsending av høringsuttalelse

Dato sendt: 26.05.2026 / 20:43

Mottaker: Norges vassdrags- og energidirektorat

Referansenummer: 6996270afb21

Kontaktinformasjon

Fornavn

MARIT

Etternavn

BREISTØL

Mobilnummer

41767288

E-postadresse

marit.breis@gmail.com

Saksopplysninger

Sakstittel

Revisjon av konsesjonsvilkår for Lærdalsvassdraget

Skriv inn høringsuttalelse

Denne fråsegna gjeld på vegne av grunneigarar og rettighetshavarar i Store og Vesle Juklevatn på Hemsedalsfjellet i Lærdal kommune.

Me har dei siste åra opplevd at vannstanden i nemnde vatn er svært varierande, og ofte er vatna sterkt nedtappa. Fyrst og fremst er me uroa for fisken. Begge desse vatna har i alle år, også før utbygginga på 70-talet, vore kjend for svært god kvalitet og størelse på fjellaure. Det har i alle år blitt fiska mykje i vatna, og dei er godt forvalta. Særleg etter at Eldrevatn Kraftverk vart bygd, har me merka oss ein tydeleg nedgang både i mengde fisk, størelse og kvalitet. Me er uroa for at dei store variasjonane i vannstanden gjev ustabile levekår for fisken. Vidare er me uroa for at krepsdyra trekk nedover mot djupna når vannstanden er låg over lengre periodar. Då kan levegrunnlaget for fisken verte vesentleg dårlegare. Me er usikre på om kor vidt det finst sperregitter foran inntaket til Eledrevatn Kraft i V.Jukle, og om dette eventuelt er innretta slik at det ikkje kan gå fisk gjennom. Om ikkje dette finst eller er godt nok, ønskjer me at dette kjem på plass.

I tillegg har me ved begge vatn opplevd store utfordringar med å få båtane på vatn dei siste åra. Båtplassane og nausta vart etablert basert på dåverande vannstand og har fungert godt fram til seinare år, men med dagens vannstand er det i mange tilfelle vanskeleg og faktisk nokre gonger umogleg å få båtane ut på vatnet. Det betyr at me i verste fall ikkje kan bruke nausta som er bygd. Me har også døme på båtar som har fått skader medan dei har vore forøgde på vanleg plass pga låg vannstand.

Me har per no ikkje dokumentasjon i form av statistikk eller anna som kan understøtte dette skrivet, men me har alle opplevd det same og deler bekymringa. Dette vart også teke opp med leiar ved Borgund Kraftverk vinteren 25/26, med svar om det me oppfatta som lite handlingsrom frå regulanten si side. Me meiner bestanden av fjellaure i vatna våre på Juklevasstranda er verdt å ta vare på og videreføre for komande generasjonar. Dette handlar om berekraftig bruk av naturen, og om livsgrunnlag for oss som bur her. Difor ber me om at dette vert teke omsyn til i denne prosessen, slik at både vasskraft, jordbruk og friluftsliv kan eksistere side om side også i framtida.

Me vil også nytte høvet til å peike på behovet for at bommane inn til fjellområda våre forblir låst. Me har ikkje fått signal om at desse skal opnast, men vil likevel nemne det. Hovudårsaka er omsynet til husdyra som beiter der, dette inkluderer også tamrein frå Filefjell Tamreinlag som har sommarbeitene sine i desse områda. Men me er også bekymra for fiskevatna knytt til spreining av ørekyte, som me veit finst både i elver og vatn ikkje så langt unna (Filefjell t.d). Med fleire folk og meir trafikk aukar sjansen for smitte, noko som ville vore ei katastrofe. Difor er det vår klare oppfatning at både dyra, naturen og folka er best tent med at bommane forblir låst. Dette særleg når me opplev at fjellet allereie er tilgjengeleg for svært mange som går og sykklar, noko som er positivt i eit folkehelseperspektiv.

Med helsing

Grunneigarar Marit Breistøl (5/7) og Dag Andre Kvamme (2/7), samt Ole Johnny Ødegård og Jan Geir Solheim med fiskerett.

Last opp vedlegg

Du har ikke lagt inn informasjon her